

Helse- og omsorgsdepartementet
ved helse- og omsorgsministeren

06.02.25

Bekymring for den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal HF og moglege konsekvensar for pasientar og kommunar

Dei interkommunale politiske råda i Møre og Romsdal er bekymra for den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal HF (HMR).

Prognosa for negativt avvik frå budsjettet i 2024 er på godt over 500 mill. kr (jf. styresak 9-25).

HMR har i tillegg likviditetsutfordringar. I foretaksmøtet HMR sak 4-24 vart HMR innvilga eit likviditetslån for 2025 frå Helse Midt-Norge RHF (HMN) på inntil 400 mill. kr.

For 2025 budsjetterte styret i HMR først med eit negativt resultat på 450 mill. kr (jf. styresak 102-24). Seinare (jf. styresak 9-25) vedtok styret eit korrigert resultatkrav med minus 297 mill. kr. Bakgrunnen for korreksjonen er vedtak i sak 4-24 i foretaksmøtet HMR om at det budsjetterte resultatet for 2025 må tilpassast nivået som vart lagt til grunn i regionen sitt langtidsbudsjett for 2025-2030. Det går fram av adm. dir. i HMR si saksutgreiing i styresak 9-25 at det korrigerte resultatkravet medfører at risikoen i budsjettet for 2025 aukar betydeleg.

Vi stiller spørsmål om samla løying til Helse Møre og Romsdal HF i budsjettframlegget for 2025 er realistisk, og med tydeleg samanheng mellom ressursar og aktivitet.

Vi fryktar for negative konsekvensar for pasienttilbodet, personalet og framtidig rekruttering som følge av HMR sin økonomiske situasjon, med uønska sentralisering av tenestetilbod. Avstandane er store i Møre og Romsdal, noko som i praksis gjer sentraliserte tenester mindre tilgjengelege for pasientar i distrikta.

Vi fryktar også at spare tiltak i form av endringar på funksjonar og struktur i Helse Møre og Romsdal HF vil kunne føre til auka press på helsetenestene i kommunane. Dei aller fleste kommunane i Møre og Romsdal har frå før ein anstrengt økonomisk situasjon.

Dei interkommunale politiske råda i Møre og Romsdal meiner at dei økonomiske rammene for både HMR og kommunane må styrkast, slik at samarbeidet om pasientforløp kan utviklast innanfor dei politiske føresetnadane som er lagt for oppgåvedeling og oppgåvesamarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.

For

Ingrid Rønningen
Nordmøre IPR

Trude Grønhaug
Romsdal IPR

Helge Olsnes
Sunnmøre regionråd IKS

Kopi: Helse Midt-Norge RHF ved styret og adm. dir

Helse Møre og Romsdal HF ved styret og adm. dir

Mørebenken på Stortinget